

Vedtekter for ..... fylkeshusflidslag

Er vedtekne på årsmøtet ...../.....

..... fylkeshusflidslag er skipa ...../.....

og er tilslutta Norges Husflidslag.

## **§ 1 Føremål**

..... er eit lag som arbeider for å fremje god norsk husflid kulturelt, sosialt og økonomisk, og er bindeledd mellom lokallaga i fylket og NH. Laget arbeider i samsvar med NH sitt føremål, vedtekter og vedtak gjort av landsmøtet og sentralstyret.

## **§2 Verksemd**

Det vert arbeidd med å nå målet ved å følgje opp organisasjonen sine verdiar og planar

regionalt og lokalt gjennom:

- 2.1 Opplæring i husflidsarbeid med krav til å vere grundig og søkje kvalitet.
- 2.2 Samarbeid med og om verksemda til husflidskonsulenten.
- 2.3 Opplysningsarbeid gjennom tidsskrift, presse og andre massemedia.
- 2.4 Utstillingar, demonstrasjonar, mønsterteneste og konkurransar.
- 2.5 Bruk og tilpassing av lokale teknikkar, modellar og mønstre.
- 2.6 Å fremje produksjon av gode og tidsmessige husflidsvarer.
- 2.7 Å stimulere til arbeid med husflid på alle alderstrinn.
- 2.8 Å medverke til samarbeid innan organisasjonen og med andre relevante miljø.
- 2.9 Å arrangere kurs i organisasjonsarbeid for tillitsvalde i lokallag.
- 2.10 Å arbeide for auka rekruttering gjennom eksisterande lokallag og gjennom oppstarting av nye lag.
- 2.11 Lag som er medeigarar i butikkar har eigne vedtekter/retningsliner for denne delen av verksemda.

## **§3 Medlemmer**

Medlemmer av fylkeshusflidslag er:

- 3.1 Alle lokale lag i fylket som er tilslutta Norges Husflidslag.
- 3.2 Organisasjonar og bedrifter, skular, museum og liknande som vil støtte Norges Husflidslag, kan vere assosierte medlemmer.
- 3.3 Det skal vere mogleg for alle medlemmer i Norges Husflidslag å påverke arbeidet i organisasjonen. Eit medlem har fulle rettar i organisasjonen frå fylte 14 år. Det skal leggast til rette for at medlemmer utan stemmerett også har arenaer for påverknad.

## **§4 Arbeidsår**

- 4.1 Fylkeshusflidslaget sitt arbeids- og rekneskapsår følgjer kalenderåret.

## **§5 Årsmøte**

- 5.1 Årsmøtet er øvste leiinga i fylkeshusflidslaget og vert halde kvart år innan utgangen av mars.
- 5.2 Dato for årsmøtet vert meldt skriftleg til medlemmene minst 8 veker før møtet.
- 5.3 Saker til årsmøtet fremjast via lokallaget og må sendast til styret seinast 4 veker før årsmøtet.
- 5.4 Saksliste og alle sakspapir til årsmøtet skal sendast til alle medlemmer seinast 2 veker før møtet.
- 5.5 Årsmøtet er ope for alle medlemmer. Stemmerett har:  
Husflidslag til og med 25 medlemmer: 1 utsending/stemme  
Husflidslag med 26 - 50 medlemmer: 2 utsendingar/stemmer  
Husflidslag med 51 – 150 medlemmer: 3 utsendingar/stemmer

Husflidslag med over 150 medlemmer: 4 utsendingar/stemmer

Det må leggjast fram skriftleg melding til årsmøtet om kven som stemmer på vegne av vedkomande lag. Manglar det slik melding, har berre styreleiaren stemmerett.

Alle medlemmer har møte- og talerett. Representantar frå leiinga i Norges Husflidslag har møte- og talerett. Representantar frå Norges Husflidslags styre/leiing har møte- og talerett.

5.6 Styremedlemmene i fylkeslaget har stemmerett, men ikkje ved handsaming av årsmelding og rekneskap.

5.7 Ekstraordinært årsmøte vert innkalla med vanleg varsel når styret finn det nødvendig, eller når minst 1/3 av lokallaga har skriftleg krav om det. Ekstraordinært årsmøte tek berre opp dei saker som er med i innkallinga. Dei utsendingane som er valde til siste ordinære årsmøte, møter til ekstraordinært årsmøte.

### **§6 Sakliste for årsmøtet**

Styret har forslag til sakliste for årsmøtet, og som skal omfatte:

6.1 Konstituering:

6.1.1 Godkjenning av innkalling og sakliste.

6.1.2 Val av møteleiar, 2 møtesekretærer, 2 representantar til å underskrive protokollen

og 2 stemmeteljarar.

6.1.3 Godkjenning av delegatliste og kor mange som har stemmerett.

6.2 Godkjenning av årsmelding.

6.3 Godkjenning av revidert rekneskap.

6.4 Fastsetjing av arbeidsplan og budsjett for inneverande og komande år.

6.5 Fastsetjing av deling av kontingenten mellom fylkeslaget og lokallaga for komande år.

6.6 Handsame innkomne saker, også irekna saker frå Norges Husflidslag.

6.7 Val

6.8 Fastsetjing av godtgjersle for tillitsvalde.

6.9 Årsmøtet handsamar berre dei sakene som er med i saklista som årsmøtet har godkjent.

### **§7 Val**

7.1 Årsmøtet skal velje:

a) Styreleiar

b) Minimum 2 styremedlemmer

c) Varamedlemmer

d) Utsendingar til landsmøtet i Norges Husflidslag. Styreleiaren er sjølvskriven.

e) Utsendingar til årsmøtet i studieforbundet i fylket.

f) Revisor

g) Valkomit  for neste årsmøte.

7.2 Styreleiar og styremedlemmer bør ikkje veljast på nytt etter å ha fungert samanhengande i 6 år. Ein medlem kan veljast som styreleiar eller styremedlem på nytt etter å ha vore ute av vervet i minst to år.

7.3 Val av styreleiar skal alltid skje skriftleg.

Dersom det berre er ein kandidat til dei ulike verva, kan valet skje ved akklamasjon.

Val skjer skriftleg dersom minst ein person har krav om det.

7.4 For å verte vald må ein kandidat ha fått meir enn halvparten av stemmene. Blanke stemmer tel med. Får ingen dette ved første val, vert det halde omval mellom dei to som har flest stemmer. Står stemmene då likt, vert valet avgjort ved loddtrekning.

### **§8 Styret si samansetjing**

8.1 Styret skal ha minst 3 medlemmer.

8.2 Styreleiaren er på val på kvart årsmøte, enten møtet er kvart eller annakvart

år. 8.3 Andre styremedlemmer vert valde for 2 år om gongen. Kvart år er

halvparten av styremedlemmene på val, første gang ved loddtrekning.

8.4 Dersom styret ikkje har tilsett sekretær, vel styret sjølv kasserar og sekretær

## **§9 Styrearbeidet**

- 9.1 Styret skal leie arbeidet i samsvar med laget sine vedtekter og årsmøtevedtaka.
- 9.2 Styreleiaren kallar inn til møte når det er nødvendig, eller når det kjem krav om det frå ein av dei andre styremedlemmene. 9.2.1 Det skal førast protokoll/referat frå styremøta, som vert godkjend av dei som deltok på møtet.
- 9.2.1 Det vert ført protokoll/referat frå styremøta som vert godkjend av dei som deltok på møtet. Referata vert gjort tilgjengeleg for alle medlemmer.
- 9.3 Styreleiaren representerer laget.
- 9.4 Styreleiaren har eit særleg ansvar for at styret har eit godt samarbeid med husflidskonsulenten i fylket tilsett i NH.
- 9.5 Styret har ansvar for laget sin økonomi.
- 9.6 Styret har ansvar for laget sine eigedelar. (sjå § 9.9)
- 9.7 Styret kan tilsette sekretær som har ansvaret for dagleg drift i laget. (sjå § 9.5)
- 9.8 Styret utarbeider instruks for sekretæren.
- 9.9 Styret legg fram årsmelding, rekneskap, budsjett og arbeidsplan for årsmøtet.
- 9.10 Kvart år innan utgangen av mars (om ikkje anna tidspunkt er bestemt) skal fylkeshusflidslaget sende Norges Husflidslag:
- 9.10.1 Årsmelding
- 9.10.2 Rekneskap i revidert stand
- 9.10.3 Budsjett
- 9.11 Styret kan gjere vedtak når minst halvparten av medlemmene i styret møter.
- 9.12 Er eit vedtak ikkje einstemmig, kan kvar styremedlem krevje stemmegjevinga protokollert.
- 9.13 Det er styret sitt ansvar at varamedlemmene vert orientert om styret sine vedtak.
- 9.14 Norges Husflidslag skal informerast om arbeidet i fylkeslaget gjennom referat frå styremøte og årsmøte.
- 9.15 Styret i fylkeslaget godkjenner lokallaga sine vedtekter.

## **§10 Vaksenopplæring**

- 10.1 Fylkeslag i Norges Husflidslag er medlem av Studieforbundet kultur og tradisjon, så sant det er opplæringsaktivitet i organisasjonen i fylket med støtte etter Lov om vaksenopplæring.
- 10.2 Fylkeslaget skal vere representert på årsmøtet i studieforbundet i fylket. 10.3 Oppgåver til studieforbundet sitt fylkesledd er regulert i eigne vedtekter.

## **§11 Valdgift**

- 11.1 Er det tvil som gjeld medlemskap eller tolking av vedtekter, skal dette fremjast for styret i Norges Husflidslag til avgjerd.
- 11.2 Andre tvistar som måtte oppstå mellom fylkeshusflidslaget og noko medlem, vert avgjort ved valdgift. Kvar av partane oppnemner sin medlem av valdgiftsretten, og leiaren i valdgiftsretten av fylkesmannen.
- 11.3 Har ein av partane ikkje innan 14 dagar etter at vedkomande har fått varsel om det, oppnemnt sin medlem av valdgiftsretten, oppnemner fylkesmannen ein medlem av valdgiftsretten også for denne parten.

## **§12 Vedtektsendring**

- 12.1 Forslag til endring av vedtekter kan berre handsamast på ordinært årsmøte. Det skal stå i innkallinga kva endringsforslaget går ut på.
- 12.2 Til gyldig vedtak er det krav om 2/3 fleirtal av stemmene.
- 12.3 Forslag til vedtektsendringar må sendast styret skriftleg før 1. januar.
- 12.4 Vedtektsendringar utover normalvedtektene skal godkjennast av styret i Norges Husflidslag.

## **§13 Oppløysing**

- 13.1 Vedtak om oppløysing av laget kan berre gjerast på ordinært årsmøte og med 3/4 av stemmene.

13.2 Dersom fylkeshusflidslaget vert oppløyst, skal eidedeler i laget gå til fremjing av husflid i fylket.

13.3 Eidedelane skal forvaltast av Norges Husflidslag dersom ikkje anna er bestemt.